

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. 7

Herad: Agdenes

Emne: Skav

Bygdelag:

Oppskr. av: Arne Elven

Gard: Elva

(adresse): Fenes

G.nr. 44 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. At kjøperhandlarar betalte meir for den som hadde fått skav enn for den som ikkje hadde fått skav om vinteren, kjemmer vi ikkje til.
2. Det er truleg at kjøttet bli mykt av skav og at det av den grunn kan bli lenger å selja. Det kan da kanskje like meir "vildtkjøtt" der dyra lever av kvist og bark om vinteren. Til skav har dei her tenkt berre osp og rogn, hva for noko av dette det er som helst virker til mykt kjøtt er ikkje godt å seia; men kanskje garvesyra - mest i rogn - gjer det.
3. At "skavmjølk" hadde liten virkning for små dyr har det ikkje vore tale om; men smågrisene er "krekken" på kroken, så det kan hende ein må vera varsam med å gi dei slikt mjølk. - osp = og rognskavmjølk.
4. Noko mål for kor mykje skav ein skulde eller kunne bruke kan vi ikkje godt slå fast. Men når ein brukte skav, så vart det gjerne så mykje som kunne bli til-laga. Det var ikkje så reint lite arbeid med skjeringa. Men det kunde vel vera om lag ei hønne skav

om dagen til 3-4 kyr. - Når det t.d. er
kjendt at dei brukte $\frac{1}{5}$ skav til kyrne, så
er dette bruleg; etter som det har vore brukt
også her i eldre tid. Men dette må vel vera
det meste.

5. Lerskild kniv (skavl) til å skava med
har det vel ikkje vore. Dei brukte folkkniven,
og da bli lilhövet mellom skaffet og kniven
 $= 180^\circ (\pi)$.

6. --

7. Det vart ikkje kjøpt eller leigd skavskog.

8. Ved deling har det ikkje vore rekna med eller
likje omsyn til skavskog.

9. Her i Agdenes er ingen "aluseining".

10. Husemannen hadde ikkje sjølv sagt rett til
skavskog; men dei tok likevel eit grovt
osp og rogn - som det ikkje vart rekna serleg
på.

11. Vi vit ikkje av namnet "Skavkylle".

12. Nei. Gardsvissen var ikkje med i skavspørsmål.